

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr.	Dato
23/54 -3	5b75da25-fd62-4166-8b11-4d019af41aea	Karen Weichert	414 42 726	15.02.2023

Høyring av melding om konsesjonsplikt Hazel Hill Farm kraftverk - gbnr 148 / 1

Vi viser til høyringsbrevet der de ber kommunen å informere om kjende allmenne interesser som kan bli påverka av tiltaket eller andre faktiske forhold som kan vere av betydning. Som døme på allmenne interesser er det nemnd friluftsliv, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlisteartar og informasjon om vilt. De ynskjer også informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak og andre aktivitetar og status i vassdraget. Dessutan ber de alle høyringspartar om å vurdere kunnskapsgrunnlaget jf. § 8 i naturmangfaldlova.

Friluftsliv:

Kommunen gjennomførte i 2017 ei kartlegging og verdisetting av friluftslivsområde. Det er ikkje kartlagd viktige friluftsområde i området der kraftverket er planlagd.

Kulturminne:

I kommunen sin gjeldande kulturminneplan er det ikkje registrert verneverdige kulturminne i området der kraftverket er planlagd.

Verdifulle naturtypar og raudlisteartar:

Kommunen kjenner ikkje til registreringar utover det som er tilgjengeleg på *Artskart*, i *Naturbasen* og andre aktuelle portalar.

Vilt:

Kommunen kjenner ikkje til allmenne interesser eller andre faktiske forhold knytt til vilt som kan bli påverka av tiltaket.

Planstatus:

I kommuneplanen ligg arealet der kraftverket er planlagd som *LNF* og *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone*.

Vik kommune har rådført seg med vassområde-koordinator for Ytre Sogn vassområde for å svare på spørsmåla som gjeld vassdraget.



Status i forhold til vassforskrifta og status i vassdraget:

Kommunen er ikkje kjent med fleire statusopplysingar enn dei som går fram av portalen Vann-nett.

Den nedre delen av vassdraget som blir påverka av tiltaket er anadrom strekning. Der fylkesveg 5603 kryssar elva (om lag ved høgdekote 120) er det eit vandringshinder i form av eit fosseparti. Minstevassføringa bør ta omsyn til dette.

Med helsing

Geir Svendsen
Fungerande rådmann

Karen Weichert
Areal- og samfunnsplanleggjar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

